

Misjonsavtale



 **normisjon**



Signature

Misjonsavtale mellom Stord sokn og Normisjon.

Hensiktene med avtalen

Gjennom avtalen har vi som mål at kyrkjelyden får auka forståing av misjon som ein del av Kyrkja sitt oppdrag og kyrkjelyden si teneste så Guds Rike får veksa blant folkeslaga. Vi har òg som mål at kyrkjelyden får eit direkte engasjement i arbeidet som vert gjort i prosjektet kyrkjelyden stør.

Prosjekt

Kyrkjelyden stør prosjektet: Normisjon på Cuba. Prosjektnummer: 351000

Innbetaling til: Kto 1503.02.13537 eller Vipps 96005.

Merk alltid innbetalinga med prosjektnummeret +SMM + kva det gjeld (eks. «kyrkjeoffer»), eks.: «35100 SMM Kyrkjeoffer»

Kort om prosjektet: Cuba er ei frodig øy med Atlanterhavet på nordsida og Det karibiske hav i syd. Folketalet er om lag 11 millioner. Turismen gjev viktige inntekter både til staten og dei som jobbar i næringa. Landet er òg avhengig av innteninga frå titusenviis av kubanske helsearbeidarar i utlandet og pengeoverføringar frå eksilkubanarar til familie og vener på Cuba. Den økonomiske situasjonen i landet har vore vanskeleg lenge, med betydeleg forverring frå 2021. Mange reiser frå landet av den grunn.

Sidan revolusjonen i januar 1959 har kommuniststaten Cuba vore styrt av brødrene Castro, men i april 2018 overtok Miguel Díaz-Canel (født i 1960) som president og frå april 2021 vart han òg vald til partileiar etter Raul Castro (som fylte 90 år sommaren 2021).

Om lag 8-10% av folket på Cuba har tilknyting til evangeliske kyrkjelydar. Om lag 48% er katolikkar, og vi finn mykje blanding med afrikanske stammereligionar («synkretisme»). Fleire av dei evangeliske kyrkjene på Cuba er i vekst, og ein driv aktivt med spreiking av gratis Biblar (finansiert av bibelselskap i Norge og andre land).

Normisjon har hatt kontakt med kristne på Cuba i over 50 år, og signerte i 2001 ein samarbeidsavtale med Iglesia Evangelia Unida (IEU). Dette er ei luthersk kyrkje som har 8 kyrkjelydar i den austlege delen av Cuba. I 2022 planta dei ein ny kyrkjelyd i bydelen Marianao i Havanna.



Korleis Normisjon konkret støttar kyrkja på Cuba, varierer noko frå år til år ut frå den konkrete situasjonen i landet og i kyrkja. I 2023 omfattar det mellom anna:

- Støtte til løner for prestar og andre tilsette i kyrkja på Cuba. Dette vil halde fram òg i 2024. Månadsløn for ein prest er om lag 100 dollar (tilsvarer 1.100 kroner).
- Agenda 1 menighetsnettverk – IEU i samarbeid med 8-10 andre evangeliske kyrkjesamfunn. Landansvarleg med eit team frå Norge lærer opp lokale til å ta dette vidare.
- Planting av ny kyrkjelyd i bydel i Havanna og bydel i Santiago de Cuba
- Støtte til ulike prosjekt som skaper inntekt for kyrkja, t.d kyrkjelydsbarnehagar.
- Hjelpesending med mat, hygieneartiklar og brukte klede, sko, sykklar m.v (i samarbeid med fleire kyrkjelydar i Bjørgvin bispedøme og IMI-kyrkja i Stavanger). Hjelpesendingar med medisn og medisinsk utstyr (i samarbeid med kyrkjer utanfor Norge).
- Landansvarleg vitjar vanlegvis kyrkja på Cuba minst 2 gonger i året
- Landansvarleg har òg lagt til rettes for eit KRIK-liknande arbeid på Cuba i samarbeid med KRIK i Gand kyrkjeyd i Sandnes.
- I januar 2024 er det planlagt ein gruppetur til Cuba for kyrkjelydar i Bjørgvin bispedøme

Vedtak i soknerådet (dato og saksnummer): Sak 2023/34 (Misjonsprosjekt) i møte 18.april 2023

Avtalen gjeld: Frå 01.08.2023 til 31.12.2026
(med intensjon om vidare forlenging dersom prosjektet held fram og ein opplever at ein klarer å engasjere kyrkjelyden gjennom oppdatert informasjon om prosjektet)



**Kontaktpersonar
Kyrkjelyden****Kontaktperson (1): Anders Dahl****Tlf: 93 61 22 34****Tittel/funksjon: Soknerådsleiar****E-post: anders.dahl@gmail.com****Kontaktperson (2): Olaug Arnesen Gloppen****Tlf: 41 63 97 28****Tittel/funksjon: Soknediakon****E-post: olaug@kyrkja-stord.no****Adressa til kyrkjelyden: Sæ 21, 5417 Stord****Tlf: 53 40 34 30 (Kyrjekontoret)****E-post: post@kyrkja-stord.no****Normisjon – Cubaprojekt****Kontaktperson: Kjell Ove Hatlem****Tlf: 48 13 10 65****Tittel/funksjon: Landansvarleg Cuba****E-post: koh@normisjon.no****Adresse: Bronsekarveien 36 – 0401, 4320 SANDNES****Normisjon Hovudkontoret****Kontaktperson: Fredrik Tanke Arstad****Tlf: 48 00 60 20****Tittel/funksjon: Markeds- og innsamlings rådgiver****E-post: fredrik.arstad@normisjon.no****Pb 7153 St. Olavs pl, 0130 Oslo****Tlf: 23 30 10 00**

Normisjon sitt bidrag

1. Utfører misjonsprosjektet som kyrkjelyden stør
2. Sender 3 avtaleplakatar til kyrkjelyden
3. Sender bladet «Ferskvare» 4 gonger i året. Prosjektet kyrkjelyden stør normalt vert omtalt 2 gonger i året.
4. Formidlar misjonærbrev der vi har utsendingar knytt til kyrkjelyden sitt prosjekt
5. Ressursar på Normisjon si heimeside: www.normisjon.no. Konkret så er der artiklar, reisebloggar og anna Cuba-stoff. Det er òg Cuba-stoff og ressursar tilgjengeleg på Bjørgvin bispedøme si Facebookside og heimeside.
6. Acta barn og unge sitt tilbod er tilgjengeleg ved regionskontoret og/eller www.acta.no
7. Kyrkjelyden kan be om meir informasjon og eventuelt besøk. Besøk vil normalt vere frå vår landansvarleg for Cuba eller frå region Hordaland.
8. 20% av midlane som vert samla inn går til Normisjon som p.t. overfører alt det til sin Region Hordaland. Resten går til prosjektet.


Viss prosjektet som er valt vert fullfinansiert, vil bidraga frå soknet verte brukt til tilsvarande føremål, fortrinnsvis i same land.

Kyrkjelyden sitt bidrag


1. Informerer om arbeidet og inkluderer det i forbøna
2. Tek misjon med i forkynninga, t.d. når det er misjonsoffer
3. Gjev misjon ein naturleg plass i barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden
4. Synleggjer misjonsavtalen i kyrkja
5. Vår kyrkjelyd vil setja seg elt mål i form av:
 - Eit fast årleg beløp på minst 50 000kr årleg,primært samla inn gjennom takkoffer på gudstenester i Stord Kyrkje

Saman vonar vi avtalen blir til velsigning både for kyrkjelyden og dei som vert støtta!

24.juli 2023
Stord sokn


[Anders Dahl, Soknerådsleiar]

24.juli 2023
Normisjon


Kjell Ove Hatlem (Landansvarleg Cuba)